



## NGIR sine medlemskommunar

### Gebyr slam for 2017

Representantskapet i NGIR gjorde 01.11.16 vedtak om kva gebyrsatsar NGIR vil tilrå kommunane å vedta for 2017. Her fylgjer satsane med kommentarar. Alle tal er utan meirverdiavgift. NGIR ber kommunen gjera vedtak om gebyrsatsar.

### Reduksjon i gebyr frå 2016 til 2017

#### Ordinær tøming

I økonomiplanen for 2016-2019 går det fram at slamgebyret bør aukast med "6,3 % kvart år i åra 2017, 2018 og 2019 for at utjamningsfondet skal vera kr 0 ved utgangen av 2019".

Kostnadsbiletet har endra seg ein god del siste året. NGIR har fått ein avtale om ekstern kompostering av slammet som gjer at investeringane som var planlagt i 2016 ikkje treng gjennomførast. Dette fører til lågare kostnader enn tidlegare budsjettert.

Med dei prognosar som no ligg føre kan slamgebyret setjast litt ned og haldast stabilt fram til 2020. Då vil utjamningsfondet vera kr 0 ved utgangen av 2020.

Det er budsjettert med kr 393 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert sett ned ca 2 %. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet. Pris i parentes er for 2016

Gebyr septikslam private	kr 792 (kr 808)
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320 (kr 326)

#### Naudtøming\*/Ekstratøming\*\*

Nokre kundar har trong for ekstra tøming utanom ordinær slamtøming. NGIR fakturerer kunden direkte for dette. I gjennomsnitt betalar NGIR transportør kr 5816 per naudtøming og kr 2908 per ekstratøming for slamavskiljarar inntil 4,5 m<sup>3</sup>. For større einingar er prisane kr 1017 per kubikk for naudtøming og kr 508 per kubikk for ekstratøming.

NGIR bereknar her 3 % påslag for å dekkja kostnader til fakturering og administrasjon og får då følgjande gebyr for ekstratøming og naudtøming:

Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

\*Naudtøming er tøming som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømepplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtøming skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

\*\*Ekstratøming er ikkje like akutt som naudtøming, og skal oppfylla følgjande kriteriar:  
Tøminga er utanom vanleg tømefrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

## **Sjølvkostrekneskap og forventa endring av utjammingsfond**

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 408 776 for 2017, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjammingsfondet:

<b>Resultat 2017</b>	<b>-393 000</b>
+ Rentekostnader	1 885
- Renteinntekter bankinnskot	11 392
- Kalkulatorisk rentekostnad	6 270
= <b>Sjølvkostresultat</b>	<b>-408 776</b>

Ujammingsfondet er venta å verta redusert frå kr 3 021 756 per 01.01.2016 til kr 2 159 354 ved utgangen av budsjettåret.

<b>Utjammingsfond 01.01.2016</b>	<b>3 021 756</b>
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2016	-507 948
Kalkulert rente utjammingsfond 2016	19 534
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2017	-408 776
Kalkulert rente utjammingsfond 2017	34 788
<b>Budsjettert utjammingsfond 31.12.2017</b>	<b>2 159 354</b>

### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar eks. mva. for slam i 2017:

Gebyr septikslam private	kr 792
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320
Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

### **Handsaming i styremøte 10.10.16:**

Samrøystes tilrådd av styret.

### **Handsaming i representantskapsmøte 01.11.16:**

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Kjevikdalen, 02.11.16

*Erlend Kleiveland*

Erlend Kleiveland

- dagleg leiar -